



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd

Møtedato: 13.12.2016
Møtetid: kl. 18:30
Møtestad: Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

Til stades:

Anne-Inger Lunner, Gunlaug Sørgaard Fjellstad, Anlaug Jorunn Bergan, Jarl Olav Rugtveit, Rune Nilsen, Lars Roe, Johannes Sand, Tora Skjerkholt Aarnes, Geir Valle.

Meldt forfall:

Anne Marie Etholm, Målfrid Nygård Laskemoen.

Saker

Sak 000020 Den norske kyrkja blir eige rettssubjekt frå 1. januar 2017

Fra 1. januar 2017 skilles den statlige delen av Den norske kirke ut som et nytt rettssubjekt, Den norske kirke, med org.nr. 818 066 872.

Prester, proster, biskoper og bispedømetilsette blir frå same tidspkt overført til det nye rettssubjektet. KA blir deira nya arbeidsgjevarorganisasjon.

Sak 000020 Budsjett 2017

Kommunen vedtok sitt budsjett den 8. des, men resultatet er i skrivande stund ikkje kjent. Soknerådet sitt budsjett for 2017 blir lagt fram på januarmøtet.

Sak 000020 Referatsaker

Kor orientering om drifta og det som har skjedd på møtefronten sidan sist soknerådsmøte.

Sak 035/16 Møteplan soknerådet 1. halvår 2017

Hittil i denne soknerådsperioden har vi halde møter i soknerådet og driftsutvalet (DU) på ulike datoar. Ein av fordelane med det har vore at det har vore tid til å greie ut saker i dei tilfella DU sender saka over til soknerådet. Men ein ulempe har vore at det for ein del blir mange møter, og at kyrkjevevja nesten heile må jobbe med saker som skal fremjast og møteprotokollar som skal lagast. Det er ein sjølvst og viktig oppgåve, men det går da på bekostring av andre arbeidsoppgåver.

I 2017 vil vi difor freiste å ha møter på same dag, der den fyrste timen er satt av til fellesrådssaker (jfr kyrkjelova §13) og deretter menighetssaker (§ 9)

At møtedagen blir på torsdag har samanheng med at det er den einaste dagen det er mogeleg å ha med kommunen sin representant. Så har vi søkt å styre klar av dei dagane det er kommunestyremøte, men det er ikkje alltid det er mogeleg. Møtedatoane i januar og februar er lagt opp slik at soknerådet kan vedta årsrekneskapan i januarmøtet og årsmelding i det andre møtet. Så skal alt dette leggest fram for kyrkjelyden i soknemøte i starten av mars (7. mars i 2017).

Vi er også klar over at den siste torsdagen i månaden er «menigehetns småsamling». Av grunnar som er nemnt ovanfor har det ikkje vore muleg å unngå slike kollisjonar, men i gjennomføringane av møta vil det bli tilstreba at dei som vil delta på småsamlingane skal rekke desse.

Dette er møtedatoane 1. halvår 2017: **26. januar, 16. februar, 7. mars (soknemøte), 23. mars, 20. april og 8. juni.**

Møta startar kl 18 og er på kyrkjekontoret, om ikkje anna blir bestemt. Det kan også bli gjort endringar



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

dersom situasjonen skulle tilseie det.

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek møteplanen for fyrste halvår 2017.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet vedtek møteplanen for fyrste halvår 2017.

Sak 036/16 Finansiering av benkeputene i Sauherad kirke

Etter ein mange års saksgang og utålmodig venting kunne endeleg dei nye benkeputene i Sauherad takast i bruk fyrste søndag i advent. Resultatet har blitt veldig bra, og dei vil forhåpentlegvis vere til nytte og glede for mange i lang tid framover.

Men, sidan mange var utålmodige blei prosessen med å velje stoff og få sydd putene sett i gong før sluttfinansieringa var på plass. Av to årsakar har dette gitt oss ei finansiell utfordring;

- Det er valt å ha stoff på begge sider av putene, og dermed har det gått med dobbelt så mykje av eit kostbart ullstoff som budsjettet.
- Det har ikkje lukkast å få inn noko frå eit par vesentlege bidragsyttere, samstundes som det ikkje var stemning for å jobbe noko vidare med å få inn gåver frå enkeltpersonar eller gjennoom kyrkjeoffer.

Status no er vi manglar 63.000 kr for å finansiere putene. Dei kom på 100.120 kr (eks mva), og så hadde vi 37.000 kr på fond, avsett til dette føremålet.

Kyrkjeverja har i dag «minna» Sauherad Diakoniforening på ein forespurnad om ei gåve på 20.000 kr som blei sendt i mai 2014. Vidare er det sendt ein søknad i dag til Øyhagens Minnestiftelse på den same summen. Telemark Begravelsesbyrå har gitt tilsagn om ei gåve på 20.000 kr.

Forslag til vedtak:

Kyrkjeverje må jobbe vidare for å få fullfinansiert benkeputene.

Soknerådet godkjenner at kjøpet blir ført over investeringsregnskapet og aktivert i balansen.

Møtebehandling:

Vedtak:

Kyrkjeverje må jobbe vidare for å få fullfinansiert benkeputene.

Soknerådet godkjenner at kjøpet blir ført over investeringsregnskapet og aktivert i balansen.

For Sauherad og Nes sokneråd

Trond Haugen
kyrkjeverje